



Hagelsundet eigedom AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/30801

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2015

Etterlyser dokumentasjon på utskiljaranlegg - gbnr 185/333 - Hagellia 6

Teknisk drift syner til brev datert 09.07.2015 og e-post datert 18.08.2015, samt vedtaksbrev datert 13.02.2013 vedkomande fettutskiljar ved Hagellia 6 . Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke følgjande dokumentasjon:

- Opplysninger om anlegg som er installert (produktsertifikat som viser type anlegg og størrelsen på dette).
- Kopi av tømmeavtale med godkjent tømmefirma (signert av begge parter). Tømmefrekvens for anlegget er i løyvet satt til 3-12 gonger i året. Det er også sett krav om 2 temperaturlogger per år.
- «As built» teikningar (M 1:500) som viser plassering av anlegg (innmålt i forhold til bygg) og kva som er ført på anlegg (utslagsvask, sluk, vaskemaskiner etc).
- Kontaktperson på bygget som har hovudansvar for anlegget.

Det er viktig at verksemda opprettar gode tømme- og vedlikehaldsrutiner for utskiljaranlegg. Dokumentasjon på drift og vedlikehald av anlegg må oppbevarast i ei mappe og være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll. Teknisk drift har i e-post, datert 12.08.2015, fått melding om at anlegg ikkje har vore i drift i 2014. For at vi skal få ei indikasjon på korleis anlegget fungerer, ber vi om at tømmerapport og temperaturlogging utført fram til nå vert sendt inn til kommunen.

Teknisk drift sett ei frist for innsending av etterlyst dokumentasjon. Frist vert sett til **torsdag 15. oktober 2015**. Dersom dokumentasjon ikkje er kommuen i hende innan fristen, kan kommunen kalle inn til møte eller ta ei synfaring.

Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, at Teknisk drift VA krev inn rapportering av fettutskiljar ved Hagellia 6.

Med helsing



Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hagelsundet eignedom AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ